SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Plan- og samfunn

Sakshandsamar:
Torbjørn Hasund
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no
Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Møtereferat - planforum 21. september 2016

Referent: Torbjørn Hasund

Regionalt planforum onsdag 21. september 2016 - Rv. 55 Bondeviki – Fardal - utbetring av eksisterande veg

Regionalt planforum onsdag 21. september 2016 - Rv. 55 Bondeviki – Fardal - utbetring av eksisterande veg

Til stades: Bente Øyre, Eli Mundhjeld og Ruthild Oertel – Statens vegvesen, Birgit Tansøy, Karoline Hareide Breivik, Glenn Heine orkelbog, Annlaug Kjelstad og Torbjørn Hasund – Sogn og Fjordane fylkeskommune, Heidi Sandvik og Oddgeir Årdal – fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Møterom: Videomøte – Storehagen Atrium Førde og fylkeshuset Leikanger.

Statens vegvesen, informasjon om tiltaket ved Bente Øyre og Ruthild

Presentasjon av KU-arbeidet. 3 alternativ «19000», «20 000» og «21 000» (heretter nemnt som 19, 20 og 21)

19 kjem lengst ut i sjø. 21 litt mindre men framleis i sjø. 20 går ikkje ut i sjø.

I konsekvensutgreiinga skal dei ulike linjene vurderast opp mot nullalternativet. I nullalternativet skal vedtekne planar som er venta gjennomført vere med. Eksisterande reguleringsplan for området, Eskestrand. Det er usikkert om den vil verte vidare realisert, både pga nye opplysningar om kulturminne og mogleg linjeføring frå trafostajon på Skardsbøfjellet og over fjorden til Vinesåsen. Eventuell ny linjetrase vil gå over delar av planområdet. Nullalternativet er vurdert til å vere eksisterande situasjon.

Nærmiljø og friluftsliv
Ikkje permanente utfyllingar i sjø med unntak av der vegen må ut i sjø ved Ryggsneset for å få ønskjeleg kurvatur og for å unngå konflikt med gravrøys.

Det er planlagt å ta vekk busslomma ved den blå garasjen. Men den som er nærmare husa på Eskestrand vil vere som før, på begge sider. Også i Bondeviki på begge sider. Begge stader er plassering litt endra i «lengderetninga». Alle linjealternativa vert vurdert til å gi liten positiv konsekvens for nærmiljø og friluftsliv. Hovudsakleg fordi tiltaket fører

til at tilbodet til gåande og syklande vert betre med bygging av utvida skulder, og at tiltaket elles er vurdert til å føre til små endringar for dette temaet.

Kulturminne

Nokre kulturminne går tapt. Andre vert tekne omsyn til. Det er røysa på Ryggsneset som har størst verdi, den vert det teke omsyn til (særleg ved alternativ 21, middels negativ konsekvens). Stor til meget stor negativ konsekvens ved alternativ 19 og 20.

Orkelbog - vil vurdere nærare, gjentok det som vart sagt i planforum i april, vil ha alternativ med minst mogleg inngrep på oppsida. Kom ikkje med ei «godkjenning» av ei løysing 21 det ville kultur ha meir tid på.

Naturmangfald

Eskestrond ved kvitt hus med blå garasje på oppside. Her vil vegen gå omtrent halvveis ned til sjøen i høve i dag. Naturtypen er utvald naturtype, men området er gjengrodd og tidlegare gjødsla, så det har mist mykje av verdien sin.

Eskestrond vest på oppsida av vegen. Her ligg verdiane i stor grad ovanfor det som vert anleggsområde.

Vidare til Bondeviki, der det vil gå med ein del asketre, medan pelskjuka (høgast verdi av dei soppane som er funne) vil gå klar.

Område i sjø med stor verdi (i hovudsak knytt til verneplan for sjø der Sognefjorden ligg inne)

Eskestrond vest, stor negativ verdi av inngrepet.

Også verdifull vegkant på nedsida, Lambagjerde. Den vil med alle alternativa verte øydelagt.

Vurdert til at det beste alternativ for naturmangfald er alternativ 21.

Sandvik – vil ta med seg opplysningane attende til Johannes Anonby for vidare vurdering.

Ikkje stor skilnad på naturmangfald på dei tre alternativa, alle er vurdert til middels negativ (--) eller middels til stor negativ (--/---) konsekvens.

Landskap

Oertel skildra dei tre delområda som alle er ein del av influensområdet.

Delområde 1 Bondeviki. Middels verdi. Delområde 2 Ryggsneset. Middels til stor. Delområde 3 Fardal. Middels verdi.

Alle tre alternativa er vurdert å vere omtrent like med tanke på konsekvens fordi dei ligg meir eller mindre på same trase.

Alternativ 21 er sett til å ha middels negativ konsekvens for heile traseen. Dei to andre alternativ har lik eller større negativ konsekvens.

Oppsummert

Øyre oppsummerte samla vurdering av KU, der 19 og 20 får stor negativ konsekvens i samla vurdering og 21 Middels negativ. 1. plassen går til 21, delt 2. på 19 og 20.

Når det gjeld kostnader er også 21 det alternativet som kom best ut kostnadsmessig.

Vegen tilfredsstiller krava i vegnormalen, ikkje behov for å søkje om fråvik.

Massebalanse. Det må køyrast til masse. Treng og areal til midlertidig masseplassering i anleggsfasen.

Det beste alternativet vil vere det som minimerer inngrepet på Ryggsneset og landskapsverdiane, slik at røysa vert liggande i sitt landskap. Sterke verneinteresser størst på oppsida, på nedsida av vegen fleire grunneigarinteresser